



Ronny Lakselv er klar for ei fast avtale med kommunen om direktesendingar. (Foto: Karl Petter Vårdal)

**Dei seks avtalte direktesendingane frå kommunestyret er no gjennomført av TV Sydvest i Uskedalen og Ronny Lakselv skriv til kommunen at den avtalte evalueringa no er naudsynt for å få på plass eit fast tilbod til TV-sjåarar over heile landet. Han ber om eit snarleg evalueringsmøte.**



Lakselv opplyser at tilbakemeldingane er positive og han har eit klårt inntrykk av at overføringane er nyttige på mange måtar.

Her får ein gitt direkte og fullstendig informasjon om kva som blir teke opp på møta og korleis det skjer. Samstundes styrkar ein også engasjementet rundt det politiske arbeidet.

På landsbasis kan 130.000 husstandar sjå TV Sydvest og nærliggjande kommunar som har tilgang til kanalen er Odda, Etne, Stord, Bømlo, Fitjar og Tysnes. 1.250 husstandar (2.640 sjåarar) er lokalisert i Kvinnherad.

Lakselv opplyser at prisen pr. møte er 10.000 kroner eks moms for sendingar frå Rosendal. For dekning også frå Kulturhuset på Husnes er det naturleg at kommunen får lagt inn faste kablar. Direkteoverføring på internett vil i tillegg koste 2.500 kroner pr. sending.

Nokre faste installasjonar må også påreknast i Rådhuset.

Dei vil halda fram med grafisk visning av saksnummer og tittel samt namn på talarar. Ein annen mogleg detalj er at reprisen kan sendast på ein fast dag.

Av Ola Matti Mathisen